
Saksnr: 2023/34604-1
Saksbehandlar: Amalie Bjelland Malmo

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingsutvalet		09.03.2023

Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2023

Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2023

Forslag til vedtak

1. Tilskot frå ordninga for fysiske trafikktryggingstiltak i 2023 vert fordelt til desse tiltaka:

Kommune	Omtale	Tildeling (kr)
Alver	Kantsikring, Nordangervågen, kv.	725 000
Askøy	Rekkverk, Krokåsvegen, kv.	133 500
Austrheim	G/S-veg, Åråsvågen, kv.	1 000 000
Bremanger	G/S- veg v/næringsområde, kv.	152 500
Gloppen	Gatelys i kryss, Åsavegen, kv.	322 500
Kvam herad	G/S-veg med veglys, Fitjadalsvegen, kv.	1 000 000
Kvinnherad	Belysning, gangfelt, Rosendal, kv.	150 000
Luster	Utbetring av rekkverk, Sandvikvegen, kv.	60 000
Lærdal	Fortau, belysning, utbetre kryss, Lærdalsøyri, kv.	500 000
Samnanger	Sikre skuleveg, kv. Gjerdsvegen.	500 000
Masfjorden	Betre tilhøva v/skule, fv.	1 000 000
Osterøy	Fartsdempande tiltak, kv.	87 500
Sogndal	Etablere skilje gangveg, kv.	100 000
Stord	Fortau med veglys, kv.	1 000 000
Sveio	Rekkverk, fv.	110 000
Tysnes	Veglys, Dallandsbrekko, fv	500 000
Ullensvang	Veglys, Aga, kv.	30 000
Ullensvang	Fartsdemping, Røldal, kv.	50 000
Vaksdal	Redusert fartsgrense, kv.	18 500
Voss herad	Fortau, Lekvemoen, kv.	1 000 000
Øygarden	Einsidig busstopp, Torsvik.	1 000 000
Årdal	Veglys, skuleveg, kv.	350 000
SUM		9 386 500

Samandrag

Til tildelinga frå tilskotsordninga for fysiske trafikktryggingstiltak 2023 har det kome inn 69 søknadar frå 29 av fylkets 43 kommunar. Søknadssummen er på om lag 29 mill. kr. Tilskotsramma er på 9,3 mill. kr. Alle tiltaka det er søkt om har vore gjennom ei fagleg vurdering, som mellom anna har sett på risiko, betydning for trafikktryggleiken og kost/nytte. Fleire gode tiltak har ikkje nådd opp i fylkesdirektøren sitt forslag til vedtak. Tiltaka i forslaget rettar seg i hovudsak mot mjuke trafikantar og utforkøyringsulykker. Totalt vert det gjort framlegg om at 22 søknader får tilskot, og til 21 ulike kommunar. Tildelingssummen er frå 18 500 til 1 mill. kr.

Til samanlikning var det i 2021 53 søknader frå 27 kommunar, med ein søknadssum på om lag 20 mill. kr., og med ei ramme på 10,6 mill. kr.

I 2022 var det 71 søknadar frå 27 kommunar, med ein søknadssum på om lag 29 mill. kr, og med ei ramme på 15, 2 mill. kr.

Dina Lefdal

Avdelingsdirektør
INV – Infrastruktur og veg

John Martin Jacobsen

seksjonssjef
INV - Forvaltning, utgreiing og geodata

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har tre tilskotsordningar til trafikktrygging som får dei økonomiske rammene fordelt frå FTU-midlane. Trafikktryggingsutvalet (FTU) gjer vedtak om fordeling av tilskotsmidlar frå ordningane. Dei tre tilskotsordningane har kvar sine retningslinjer.

Om tilskotsordninga

Tilskotsordninga har som mål å styrka trafikktryggleiken på og langs veg i kommunane. Det er kommunane i Vestland fylke som har høve til å søka om tilskot, og dei kan søka om støtte til tiltak på både kommunal og fylkeskommunal veg. Kommunane sit på viktig kunnskap om dei lokale utfordringane, ikkje minst når dei jobbar aktivt med trafikktrygging og har oppdaterte trafikksikringsplanar.

Ordninga for fysiske trafikktryggingstiltak har i år ei samla ramme på 9,3 mill. kr. Ved utlysinga av tilskotsordninga etter fylkestinget i desember vart ramma i FTU-budsjettet lagt til grunn og den øvre grensa for å søkje om tilskot vart sett til 1 mill. kr. per tiltak.

Krav i tilskotsordninga

Etter retningslinjene er det krav om minimum 50 prosent kommunal eigendel og krav om at kommunane skal ha oppdatert trafikktryggingsplan for å få tilskot. Om nye kommunar etter samanslåing har gyldige planar frå dei gamle kommunane, kan dei søkje om tiltak forankra i desse planane. For å kvalifisera for tilskot er det eit krav at tiltaka er planavklarte, eller at tiltaka ikkje har behov for planavklaring.

Prioriterte tiltakstypar

Etter retningslinjene vert det prioritert tiltak retta mot mjuke trafikantar, særleg barn og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkøyringsulykker. Gang- og sykkeltilbod som ikkje ligg langs køyreveg kan også få tilskot. Tiltaka som får tilskot skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafikktryggleiken.

Om søknadane

For 2023-tildelinga vart ordninga lyst ut 21. desember, og søknadsfrist vart sett til 1. februar. Til årets tildeling har det kome inn 69 søknadar med samla søknadssum på om lag 29 mill. kr., altså nesten 20 mill. kr meir enn det som er til tildeling.

Kort om søknadane:

- 29 av 43 kommunar i Vestland fylke har levert søknad.
- 52 av søknadane gjeld kommunal veg, medan 13 er fylkesvegtiltak. Dei resterande er både kommunal og fylkesveg, eller anna veg slik som privatveg.

Vedtakskompetanse

Etter siste revidering av Reglement for folkevalde organ og delegering har trafikktryggingsutvalet (FTU) fått vedtaksmynde for fordeling av tilskot frå fylkeskommunen sine tilskotsordningar til trafikktrygging.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tilskotsordningane for trafikktrygging i Vestland får sine midlar frå FTU-midlane, som er fastsett i budsjettsaka for 2023. Ramme for tilskotsordninga vart fastsett av SAMO i januar i budsjettsak for FTU.

Klima:

Fysiske trafikktryggingstiltak gir viktige bidrag i arbeidet for ei meir klimavenleg reisemiddelfordeling, då tryggleik er ein viktig faktor for å få fleire til å ta beina eller sykkelen fatt.

Folkehelse:

Fysiske trafiktryggingstiltak kan bidra positivt til folkehelsa, både ved at dei gir færre skadde og drepne i trafikkulykker, og ved at trygge trafikantar og trafikkmiljø fremjar fysisk aktivitet gjennom gåing og sykling. Tiltaka kan også bidra til betre framkome og tilgjenge.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Fysiske trafiktryggingstiltak støttar opp om mål for klima og miljø, og for lokalsamfunna som ramme for gode kvardagsliv. Tryggleik er ein viktig del av opplevinga av ein stad som attraktiv, og for folk sin mobilitet. Klimavenleg stadutvikling krev trygg ferdsel til og i sentra, til skular og fritidsaktivitetar og til kollektivtransporten.

Om vurderinga av søknadane

Alle tiltak har vore vurderte fagleg etter risiko ved dagens situasjon og kva betyding tiltaka vil ha for å redusera denne risikoen. I ei risikovurdering ser ein på kor sannsynleg det er at noko kan skje, og kva konsekvensar det vil ha om ei ulykke inntreffer. Ved mange punkt og strekningar på vegnettet kan ei ulykke medføre alvorleg skade eller død. Likevel er det vanskeleg å seie i kor stor grad det er truleg at ei slik hending skjer. Risikoen vert då lågare, sjølv om konsekvensen vil vera høg. Mange stader som vert opplevd som utrygge kan såleis verta vurderte å ha låg risiko. Trafikkmengd, type trafikk, fartsnivå, ulike stadlege tilhøve m.m., er viktige faktorar i ei risikovurdering.

Vidare vert det gjort ei kost-/nyttevurdering av tiltaka, for å sikra at pengane kjem best mogleg til nytte. Det er og sett på plankvalitet, kostnadsestimat og andre faktorar som kan skapa usikkerheit for at tiltaka vert gjennomførte som planlagt.

Det er stilt krav i tilskotsordninga om kommunal medfinansiering (minimum 50 prosent av totalkostnad). Alle søknadane innfrir kravet om eigendel. Vidare er det stilt krav om oppdatert kommunal trafiktryggingssplan (ts-plan). Nye kommunar kan søka om tiltak forankra i planar frå dei gamle kommunane, dersom planane framleis er gyldige. Dette kravet vert stilt fordi fylkeskommunen ønskjer å gje kommunane eit insentiv for å prioritera utarbeidinga av trafikksikringsplanar. Gode trafikksikringsplanar er eit viktig grunnlag for eit godt lokalt trafiktryggingssarbeid. Intensjonen med kravet er ikkje å straffa kommunar som berre i eit kortare tidsrom er utan gyldig plan, og som er i ein aktiv prosess med å få rullert planen sin. Alle søkjarkommunane som ikkje har gyldig plan er i prosess med å få på plass ein ny trafikksikringsplan. Tiltaka dei har søkt om vert difor vurdert på lik line med tiltaka frå dei andre søkjarkommunane.

Avdelingsdirektøren sine kommentarar

Pågangen til tilskotsordninga i 2023 har vore veldig stor. Fordelinga av søknader syner at det er mest attraktivt for kommunane å søkja om tilskot til tiltak på eige vegnett. Avdelingsdirektøren vil trekka fram at kommunane som har søkt har ein oppdatert trafiktryggingssplan, eller er i prosess med rullert/ny plan. Dette er eit positivt teikn. Samstundes er det mange kommunar som ikkje har søkt på ordninga. For trafiktryggingssarbeidet i Vestland er det særskild viktig at kommunane prioriterer arbeidet med trafiktryggingssplanar. Det er naudsynt for å gi arbeidet rette forankringa og drivet. Skal me lykkast i måla om reduksjonar i tala drepne og hardt skadde i vegtrafikken må me ha kommunane med på laget.

Det er søkt om mange gode tiltak dette året, og det let seg ikkje gjere at alle kan få tilskot. Det har vore ei hard prioritering mellom trafiktryggingstiltaka då det er søkt om drygt tre gongar så mykje tilskot som me har til fordeling. I mange tilfelle er det vurderinga av ulykkesrisiko som har vore avgjerande for om eit tiltak er med i avdelingsdirektøren si tilråding til vedtak eller ikkje. Fleire av tiltaka er vurderte å vera av, relativt sett, lågare betyding for trafiktryggleiken, samanlikna med dei tiltaka som det vert lagt framlegg om. Nokre søknadar omhandlar tiltak som i større grad gjeld å sikra framkome, og som kan vere gode tiltak i seg sjølv, men ha mindre relevans for sjølve trafiktryggleiken. I slike vurderingar så går andre tiltak framom, i og med at denne ordninga er eit (av fleire) verkemiddel for å få ned talet på drepne og hardt skadde i Vestland.

Avdelingsdirektøren sitt forslag til tildeling av tilskotsmidlar kan de sjå av tabellen under. Kvant tiltak er kort kommentert. Kommentaranane er med nokre unntak relativt generelle.

Forslag tildeling

Nr.	Kommune	Tiltak	Søknadssum	Tot.kostnad	Kommentar	Forslag tildeling
1	Alver	Kantsikring kv.	325 000	2 000 000	Bra tiltak. Låg ÅDT. Smal veg. Ikkje prioritert.	
2	Alver	Fortau, kv.	118 000	235 000	Bra tiltak. Sikring av mjuke trafikantar. Når ikkje opp i prioriteringa.	
3	Alver	Kantsikring kv.	725 000	1 450 000	Godt tiltak. Eit større behov for sikringstiltak.	725 000
4	Askøy	Fjellsikring, kv	75 000	150 000	Bra tiltak. Er noko behov for sikringstiltak. Ikkje prioritert.	
5	Askøy	Rekkverk, Krokåsvegen kv.	133 500	267000	Godt tiltak. Behov for sikring. Mjuke trafikantar.	133 500
6	Askøy	Rekkverk, Løfjellvegen kv.	150 000	300 000	Bra tiltak. Eksisterande rekkverk i dårleg stand. Når ikkje opp i prioriteringa.	
7	Austrheim	G/S-veg, Åråsvågen kv.	1 000 000	3 000 000	Bra tiltak. Mjuke trafikantar. G/S-veg	1 000 000
8	Austevoll	Hjartesone	1 000 000	3 500 000	Ikkje prioritert.	
9	Bremanger	Heva gangfelt m/belysning, Kalvåg	105 000	110 000	Bra tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
10	Bremanger	G/S-veg v/næringsområde	152 500	305000	Godt tiltak. Auka standard og samanhengande tilbod for mjuke trafikantar.	152 500
11	Bømlo	Oppgradering av sti med trapp, rekkverk og belysning.	83 500	287 000	Ikkje prioritert.	
12	Fitjar	Gangfelt og fartsdemping, fv.	65 000	130 000	Ikkje prioritert.	
13	Fitjar	G/S-veg, Rosneset, kv.	390 000	780 000	Ikkje prioritert.	
14	Fitjar	Ledegjerde, kv.	81 000	162 000	Ikkje prioritert.	
15	Gloppen	Veglys, Fjellvegen x Dalevegen, fv.	164 000	328 461	Ikkje prioritert.	
16	Gloppen	Veglys, Åsavegen, kv.	31 000	62 000	Godt tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
17	Gloppen	Veglys, Øvre Nordstranda, kv.	322 500	152 200	Godt tiltak. Mjuke trafikantar.	322 500
18	Gulen	G/S-veg, kv.	374 000	747 000	Bra tiltak. Lav ÅDT. Når ikkje opp i prioriteringa.	
19	Høyanger	Veglys, Vassbrekka, kv.	170 000	341 000	Godt tiltak. Kombinert G/S- og køyreveg med mjuke trafikantar. Når ikkje opp i prioriteringa.	
20	Høyanger	Omlagging av Dalavegen, kv.	500 000	1 300 000	Tiltak for køyrande. Ikkje prioritert.	

Nr.	Kommune	Tiltak	Søknadssum	Tot.kostnad	Kommentar	Forslag tildeling
21	Kvam herad	G/S-veg Fitjadalsvegen, kv	1 000 000	8 700 000	Godt tiltak. Auka standarden. Mjuke trafikantar.	1 000 000
22	Kvinnherad	Intensivbelysning gangfelt, Rosendal, fv.	150 000	300 000	Godt tiltak. Mjuke trafikantar. anbefaler forsterka belysning.	150 000
23	Kvinnherad	Kissn`Ridesone - Rosendal	400 000	800 000	Bra tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
24	Kvinnherad	Veglys, Holmedal Utåker, kv.	800 000	1 600 000	Bra tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
25	Kvinnherad	Intensivbelysning vegkryssing Opsangervegen, kv	50 000	100 000	Bra tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
26	Luster	Utbetring av brurekkverk Sandvikvegen	60 000	120 000	Godt tiltak. Mjuke trafikantar.	60 000
27	Luster	Tursti Galden, Lustraporten.	100 000	200 000	Godt tiltak. Koplar gangsystem saman. Når ikkje opp i prioriteringa.	
28	Lærdal	Utbetre standard fortau, belysning, kryss m.m. Lærdalsøyri, kv.	1 000 000	3 500 000	Godt tiltak. Langsgående tilbod. Mjuke trafikantar. Tildelast delar av søknad.	500 000
29	Samnanger	Hjartesone	500 000	2 000 000	Ikkje prioritert.	
30	Samnanger	G/S-veg Hagabotnane – Bjørkhaugen, kv.	500 000	2 475 000	Bra tiltak. Snarveg frå byggefelt til idrettsanlegg, mjuke trafikantar. Når ikkje opp i prioriteringa.	
31	Samnanger	Sikre skuleveg, øvre Hagabakkane, kv.	500 000	6 000 000	Etablere møteplassar. Ikkje prioritert.	
32	Samanger	Sikre skuleveg, Gjerdsvegen, kv.	500 000	1 400 000	Godt tiltak. Etablere fortau.	500 000
33	Masfjorden	Betre skuleveg, fv.	1 000 000	2 850 000	Godt tiltak. Stramme opp forhalda ved skule, busshaldeplass.	1 000 000
34	Osterøy	Rekkverk, Åsgardane, kv	514 062	1 028 125	Bra tiltak. Er behov for sikringstiltak. Når ikkje opp.	
35	Osterøy	Fartshumper, Hatland – Flatevad, kv	87 500	175 000	Godt tiltak. Høgt fartsnivå. Sikre mjuke trafikantar.	87 500
36	Solund	Lys langs Solnesvegen	1 000 000	2 500 000	Bra tiltak. Industriområde. Når ikkje opp i prioriteringa.	
37	Solund	Leskur og ljøs i kryss Solnesvegen	125 000	250 000	Ikkje prioritert.	
38	Sogndal	Sykkelparkering Kaupanger, kv	50 000	100 000	Ikkje prioritert.	
39	Sogndal	Etablere skilje gangveg, kv	100 000	200 000	Godt tiltak. Mjuke trafikantar. Auka standard.	100 000
40	Sogndal	Hjartesone, kv.	200 000	400 000	Ikkje prioritert.	
41	Stad	Rekkverk, kv.	999 000	2 000 500	Godt tiltak. Noko behov for	

Nr.	Kommune	Tiltak	Søknadssum	Tot.kostnad	Kommentar	Forslag tildeling
					sikringstiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
42	Stad	Gangveg til busshaldeplass, kv	125 000	250 000	Ikkje prioritert.	
43	Stord	Fortau med veglys, kv	1 000 000	7 750 000	Godt tiltak. Etablere fortau, mjuke trafikantar.	1 000 000
44	Sunnfjord	Fortau med veglys og UU, kv.	1 000 000	4 100 000	Bra tiltak. Auka standard, mjuke trafikantar. Når ikkje opp i prioriteringa.	
45	Sveio	Veglys Løkjavegen, kv	240 000	480 000	Bra tiltak. Ikkje registrert ulykker. Når ikkje opp i prioriteringa.	
46	Sveio	Utbetre sikt, Gullvegen, fv.	500 000	1 000 000	Bra tiltak. Låg ÅDT. Når ikkje opp i prioriteringa.	
47	Sveio	Rekkverk, fv	110 000	220 000	Godt tiltak. Smal veg, stort behov for sikringstiltak.	110 000
48	Sveio	Utbetring sikt, Løkjavegen kv	100 000	200 000	Godt tiltak. Behov for betre sikt. Når ikkje opp.	
49	Sveio	Rekkverk bru, Tittelsnesvegen fv.	60 000	120 000	Bra tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
50	Sveio	Rekkverk, Bjørgavegen, kv.	140 000	280 000	Lite trafikk og relativt få mjuke trafikantar. Ikkje prioritert.	
51	Tysnes	Veglys, Dallandsbrekko, fv	500 000	1 000 000	Bra tiltak, mjuke trafikantar. Når ikkje opp i prioriteringa.	500 000
52	Tysnes	Hjartesone	750 000	1 100 000	Ikkje prioritert.	
53	Tysnes	Oppgradere busshaldeplass, fv	200 000	400 000	Bra tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
54	Ullensvang	Veglys, Aga, kv	30 000	60 000	Godt tiltak. Betre tilhøva for mjuke trafikantar.	30 000
55	Ullensvang	Fartsdemping, Skjeggedalsvegen, kv	275 000	550 000	Godt tiltak. Stigning, mykje sesongtrafikk, store og små bussar.	275 000
56	Ullensvang	Fartsdemping, Røldal, kv.	50 000	100 000	Godt tiltak. Sikre fartsnivå gjennom Røldal sentrum.	50 000
57	Ulvik herad	Mobilitet, barnehage, kv	302 445	604 890	Ikkje prioritert.	
58	Vaksdal	Gangfelt Bruvegen/Neset, kv	29 312	58 625	Ikkje prioritert.	
59	Vaksdal	Fartsreduserande tiltak, kv	30 000	60 000	Godt tiltak. Dårleg sikt i kryss. Når ikkje opp i prioriteringa.	
60	Vaksdal	Redusert fartsgrense	18 500	37 000	Godt tiltak. Trafikk gjennom gardstun.	18 500
61	Vaksdal	Utbetring og sikring av veg, kv	342 875	685 750	Bra tiltak. Lavtrafikert veg.	

Nr.	Kommune	Tiltak	Søknadssum	Tot.kostnad	Kommentar	Forslag tildeling
					Når ikkje opp i prioriteringa.	
62	Voss herad	Lekvemoen, - fortau, kv	1 000 000	5 400 000	Godt tiltak. Trygg tilkomst fram til skule og idrettsområde.	1 000 000
63	Voss herad	Sikker tilkomst og trygg kryssing, Granvin barnehage	1 000 000	2 755 000	Ikkje godkjent reguleringsplan. Ikkje prioritert.	
64	Voss herad	Jernbaneovergang Bolstadøyri	780 000	1 560 000	Søkt om tidlegare. Ikkje prioritert.	
65	Voss herad	Utbetring kryss, kv, Gamle Bordalsvegen fv. Bordalsvegen	690 000	1 380 000	Rettar seg mot køyrande. Ikkje prioritert.	
66	Voss herad	Etablere trygg kryssing, Gjernesvegen,	170 000	340 000	Godt tiltak, men det er knytt rekkefylgjekrav mot utbyggjar om etablering.	
67	Øygarden	Einsidig busstopp langs Fv 561 Torsvik	1 000 000	4 000 000	Godt tiltak. Mjuka trafikantar.	1 000 000
68	Øygarden	Einsidig busstopp og kanalisering av kryss – Vik	1 000 000	5 000 000	Godt tiltak. Mjuka trafikantar. Når ikkje opp i prioriteringa.	
69	Årdal	Nytt veglys til skuleveg	350 000	700 000	Godt tiltak. Betre tilhøva for mjuka trafikantar.	350 000

Konklusjon

Avdelingsdirektøren rår til at trafikktryggingsutvalet vedtek tildelinga av tilskot i tråd med saksutgreiinga.